



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Lerøy Midnor AS
7247 HESTVIKA

Vår dato: **02 JUL 2013**

Vår ref.: NVE 201105523-23 ki/baso

Arkiv: 313 / 113.4Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Ottesen

22 95 95 28

Lerøy Midnor AS – Søknad om løyve til uttak av vatn frå Sandåa til produksjon av settefisk, Halså kommune, Møre og Romsdal - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 17.01.2012.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av vatn frå Sandåa med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KI – notat nr.13/2013 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av vatn frå Sandåa og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

NVEs sakshandsamarar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for miljø og sikkerheit er Tore Olav Sandnes i Seksjon for miljøtilsyn og Rune Engesæter i Seksjon for damsikkerheit. Vi viser elles til NVE sin rettleiar 1/2008 *"Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon"* som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhevar at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE


Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing


Gry Berg
seksjonssjef

For 
Bård Ottesen
overingeniør

Vedlegg: 2 Vassdragskonsesjon for uttak av vatn frå Sandåa – Lerøy Midnor AS
KI-notat nr. 13/2013

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Halsa kommune, Liabøen, 6683 Vågland
Mattilsynet, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 Brummunddal